

Langøylaks AS, 5387 Møkster

Austevoll Melaks AS, 5384 Torangsvåg

Troland Lakseoppdrett AS, 5384 Torangsvåg

Bekkjarvik, 21.11.2013

Til

Det Kongelige Fiskeri- og kystdepartement

Postboks 8118 Dep

0032 Oslo

Svar på: Høyring av forslag om vidareutvikling av produksjonsbegrensningssystemet (MTB)

Fiskeri- og kystdepartementet har sendt på høyring forslag om innføring av rullerande gjennomsnittleg MTB i lakse- og ørretoppdrettsnæringa. Me er tre mindre oppdrettselskap i Austevoll kommune som ynskjer å formidle vårt syn på dette. **Austevoll Melaks AS** (MTB 2.340) og **Langøylaks AS** (MTB 2.340) har tre konsesjonar kvar, medan **Troland Lakseoppdrett AS** (MTB 1.560) har to konsesjonar.

Fôrkvotar

Før 1. januar 2005 var næringa regulert av fôrkvoter og merdvolum. Under fôrkvoteregimet frå 1996 t.o.m. 2004 utnytta selskapa fôrkvotene/produksjonskapasiteten nær 100 %.

MTB og soneinndeling

Frå 1. januar 2005 vart det innført MTB samstundes som det i Hordaland vart innført betydelege produksjonsreguleringar i form av PD soner og koordinert avlusing innafør større område. Ved innføring av PD- soner var det ein føresetnad at produksjonen for den einkilde skulle oppretthaldast, og samtlege produsentar skulle få tilgang til lokalitetar i minst 4 soner (haust oddetal og partal, og vår oddetal og partal).

Produksjonstap

Etter soneinndeling vart Austevoll Melaks, Langøylaks og Troland Lakseoppdrett sine lokalitetar fordelte i kun to soner, haust oddetal og haust partal. I forhold til å vere lokalisert i fire soner, medfører dette at selskapa ikkje har kunna ta del i produksjonsauken andre aktørar har kunna. Våre selskap har i dag gjennomsnittleg MTB utnytting på 67 - 75 % all den

tid slakteperioden er avgrensa til ein liten del av året. Tilsvarande for selskap som kan produsere i alle fire soner vil kunne være opp mot 100 %. Dette gjeld særskilt for større selskap med muligheit for differensiert uttak av slaktefisk.

Konkurransavidande

Det å vera liten oppdrettar og i tillegg vere representert i kun haustsoner medfører stor reduksjon i produksjonskapasiteten, som igjen bidrar til auka produksjonskostnader. Dagens MTB-reglement er på den måten konkurransevidande, noko ein heller ikkje får kompensert for på andre område.

Helseeffekt

Hensikta med PD forskrifta var ikkje reduksjon i produksjonskapasiteten for enkeltoppdrettarar, men skulle vere eit viktig bidrag i kampen mot PD og lusespreiing. PD er framleis ein utfordring, men PD-soner, vaksinerings, avl/smoltkvalitet, ernæring, PCR-screening og ei rekke andre tiltak har i sum bidrege til betra fiskehelse og høgare overleving. Det er all grunn til å tru at denne positive utviklinga vil fortsetja.

Koordinert avlusing

Lakselus er den største utfordringa for næringa på Vestlandet no. Austevoll Melaks, Troland Lakseoppdrett og Langøylaks har med unntak av ein lokalitet alle sine lokalitetar plassert i lusekoordineringsområde 1 (LK1) i Midthordland fiskehelsenettverk. LK1 har kun haustfisk og lågt fisketal, all den tid aktørane og lokalitetane er små. Tilgangen på lokalfanga leppefisk er god, og ein har difor optimalisert bruken når det gjeld kvalitet, innblandingsprosent, skjul, reine nøter og føring av leppefisken. Dette har bidrege til låge lusetal gjennom sommar og haust. I slutten av oktober aukar lusetala grunna auka påslag og naturleg dårlegare effekt av leppefisk. Samordna avlusing i heile området med tilfredstillande resultat gjer at ein får redusert lusepopulasjonen i heile området. I område som er eksponerte for lus, er det ein fordel å kun sette ut haustfisk, då dette fører til liten fisk i sjøen om sommaren og tidleg haust når lusestrykket er størst. Leppefisken har som kjent best effekt på liten fisk. Fisken vert utslakta før lusepresset vert høgt sommaren etter. Langøylaks AS kjører i tillegg forsøk med rognkjeks som reinsefisk. Denne kan bli eit verdifullt supplement til vanleg leppefisk, særskilt på haust og vinterstid.

Lokalitets-MTB

Rullerande gjennomsnittleg MTB er viktig for oss. Dette opnar for ein auke i lokalitets-MTB der miljøtilhøva tillet det. Lokalitets-MTB må vera eit miljøfagleg spørsmål, og ikkje koplust opp til konsesjonsordninga.

Oppsummert

For våre selskap er valet om å konsentrere produksjonen i haustutsett eit bevisst val. Som me har poengtert i teksten over, har fleire iverksette produksjonsregulerande tiltak ramma mindre selskap utilsikta hardt, og produksjonen til desse har blitt betydeleg redusert og fordyra.

Innføring av rullerande gjennomsnittleg MTB, vil slik me ser det vere ei lite omstridt ordning. I motsetnad til tidlegare innførte ordningar vil ingen produsentar oppleve reduksjon i produksjonen som følgje av dette. Verken liten eller stor. Ein del mindre aktørar vil kunne ta att litt av den produksjonskapasiteten ein har mista ved innføringa av andre produksjonsregulerande tiltak. Denne auken vil vere moderat, truleg mindre enn auken ein får ved å evt. tildele nye utlyste konsesjonar.

Me går inn for rullerande gjennomsnittleg MTB med 780 tonn pr konsesjon som grunnlag.

Grunngjeving:

- Reduserer konkurransevridding mellom store og små selskap gjennom auka utnytting av produksjonskapasitet
- Sikrar **jamnare leveranse** og dermed mindre svingingar i prisnivå
- Tryggjer driftsmodell med **haustfisk**, som m.a. fører til mindre lusestrykk

Me er alle tre selskap som er viktige for våre lokalsamfunn. Me representerer mange arbeidsplasser og bidrar i verdiskapinga for landet. Me håper Fiskeri- og Kystdepartementet også ynskjer at det i framtida skal vere plass for mindre oppdrettarar og gjev oss rammevilkår som kan tryggja vår konkurranseevne.

Langøylaks AS

Austevoll Melaks AS

Troland Lakseoppdrett AS

Karsten Inge Møller Edward Melingen Ole Morten Troland

Kopi til:

Salmon Group

Fiskeri- og havbruksnæringens landsforening

Austevoll kommune v/ordfører